

Kommuner i Hordaland

Dato: 25.06.2015
Vår ref.: 2015/3608-6
Saksbehandlar: hanglop1

Regionale etablerarfond - informasjon til kommunane

Hordaland fylkeskommune har oppretta ei ordning med tre regionale etablerarfond. Den totale ramma for fonda er på 2 000 000 kroner for 2015, og fordelinga mellom regionane er som følgjer:

Region	Kommunar	Sum
Etablerarfond for Sunnhordland	Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes	393 000
Etablerarfond for Hardanger	Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik	286 000
Etablerarfond for Bergensregionen	Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Fusa, Gulen, Masfjorden, Lindås, Meland, Modalen, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund, Vaksdal, Voss og Øygarden.	1 321 000

Midlane skal tildelast som tilskot på inntil 50.000 kroner til etablerarar og ny næringsverksemd. Tilskot frå etablerarfondet skal bidra til gjennomføring av naudsynte tiltak i tidleg oppstartsfase, og gje gründaren kompetanse om marknad og økonomi. Aktuelle aktiviteter kan vera: Kundeundersøkingar, brukarstudiar og anna kartlegging for å få meir brukarinnsett, testing og vidareutvikling av forretningsidé, kostnader knytt til nettverksbygging og styrking av kompetanse innan forretningsutvikling.

Søknadar skal sendast inn elektronisk gjennom via www.regionalforvaltning.no Ta kontakt med forvaltaren av etablerarfondet for meir informasjon og rettleiing:

Etablerarfond for Sunnhordland:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Telefon: 53 45 67 90

E-post: firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no

Etablerarfond for Hardanger:

Hardangerrådet IKS

Telefon: 53 67 14 50

post@hardangerradet.no

Etablerarfond for Bergensregionen:

Business Region Bergen AS

Telefon: + 47 5690 1150

E-post: post@brb.noArthur K. Arnesen
Fung. nærings sjefHans Inge Gloppen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.